





TORLEIV HANNAAS  
Nynorsk Boksamling





TORLEIV HANNAAS



805000p3









XXV

Norske folkeskrifter 16 - 20

---

3507

# Gamall Norsk prydkunst

230


Ved

Lars Kinsarvik og Halvdan Koht

Med 22 teikningar

ved

Lars Kinsarvik



Oslo

Norigs ungdomslag og Student-maallaget

1904



92d039669 / + refid

Denne skrifti hev kome til paa den maaten at Lars Kinsarvik hev gjort det fyrste uppritet, og so hev Halvdan Koht arbeiddt det igjenom aa nyo, so det er han som hev andsvaret for den einskilde utformingi, medan sjølve kunst-tankarne mest høyrer Kinsarvik til.

Den viktigaste grunnskifti me hev nytta, er „Dyreornamentiken i Norden“ av *Sophus Müller*, og sume mindre skrifter er nemnde inni boki. *Andreas Aubert* hev vore gild og sét heile skrifti igjenom, og stykket um den vesterlandske kunsti hev *Alexander Bugge* sét paa.

159593.

Prenta hjaa Johansen & Nielsen.



Prydkunsti er gamall her i Noreg. For ho er likso gamall som sjølv folkesetningi. Og no hev det visst butt folk i landet i fem tusund aar eller so paa lag, trur dei.

Alt dei fyrste nordbuarne som kom til Noreg, aatte daa det som ein kann nemna kultur, og fraa uminnelege tider hadde folket her nord vegen open mot sør og aust til samfersle med folk som hadde vunne seg høgre upp i aand- og arbeidsliv, so nordbuen jamt og samt fekk som ein gaus utanfraa, slik som han kunde leva og veksa vidare paa. Me hev vitnemaal um denne samfersla heilt upp i steintidi, daa dei jamvel laut føra sjølv beste steinemnet sitt, flinten (tinna), sunnanfraa til landet.

Men eitt med dei eldste kulturmerki, det er nett pryd-kunsti. For i den hev menneskja naatt ut yver det som trengst til sjølv livbergingi; i den er det aandi som rører paa seg og arbeider for sine serlege krav.

Ho er ikkje mangslungi, pryd-kunsti i den eldste tidi, i steintidi. Det er mest berre prik-kar og rette strek.

Og noko fullt vokster-samanheng kann me ikkje sjaa millom denne eldste kunsti og den som sidan kom. Kann henda hev det ikkje vore noko samanheng heller. For so ei 1000 eller 1500 aar fyre Kristus kom det eit heilt nytt bruks-emne til



Noreg, — det var bronzen (tin-kopar). Og um ein so tenkjer seg at det var den same folkeætti som enno vart buande og raadde i landet, so maatte det med bronzen verta eit heilt umskifte og umbrot i prydkunsti. Den mjuke bronzen, som ein kunde støypa i form, var lettvinna emne enn den harde steinen, og som ventande var, finn me difor ikkje nokon nær skyldskap millom formerne paa steintølor og bronsetølor. Prydkunsti òg fekk andre vilkaar enn fyrr. I gamle dagar hadde folk maatt nøgja seg med aa hengja paa seg mang-leta steinar eller tilskorne knokar og anna slikt. No kunde dei briska seg med baade bronse og gull, og hugen for prydnad og stas vakna so sterkt som aldri fyrr. Etter mynstri fraa utlandet lærde dei laga seg vaapen og reidskap med finaste skaplund, og endaa finare arbeid la dei paa prydstykki sine: halsringar og armringar, spenne og spenger og haarnaaler. Det lyser bjart fraa bronsetidi med all den glimen av bronse og gull. Sjølv kraatings-arbeidet paa bruks- og prydstykki var ikkje enno so formrikt, men fint og nett gjort. Reidskapen dei hadde var ikkje den beste, av di dei maatte grava med bronse paa bronse, eller so rita i sjølv støypeformi. Dei heldt daa mest paa med einfelde strek, men ikke berre som i steintidi rette strek i kross og krok; no la folk meste elsken paa rundbøygde linor, helst daa i skruvgangs- eller sniglehussvingar, og sidan tok dei paa med lange bandsløgjer. Men noko reint nytt var det, daa dei fann paa aa setja dyrhovud uti enden paa desse svingstreki, og so laga oddarne paa handtak og slikt um til dyrhovud. Det vart ikkje mykje med dette; men her hev me fyrste spretten til dyrbilætprydingi, som sidan lenge var so sermerkt for den norske prydkunsti.


I Noreg er det etter maaten ikkje stort som



er funne fraa bronsetidi, og so dyr som bron-  
sen var, kunde dei visst aldri greia seg berre med  
den til hardvyrke. Dei  
bruka visst stein òg, lenge  
etter dei hadde kjennskap  
til bronse, og jarnet kom  
visst so smaatt i bruk, lenge  
fyrr dei slutta med bronsen  
jamvel til eggjarn. Bronse-  
tidi var ei gjennomgangstid,  
ei fyrebuingstid, ladd med  
kulturto som gjekk i arv  
til seinare tidbolkar. Paa  
denne tidi lærde nord-  
mennerne seg til aa dyrka  
jordi med plog, og dei fór  
paa sjøen med store skutor.  
Kunnskapar og kunster  
henta dei heim fraa sør-  
landi, og laga deim til paa  
si eigi vis. Sine tusund  
aar varde han kann-henda,  
denne tidbolken, til det  
kom det store skiftet daa  
jarnet vart det viktigaste  
vyrket, — dét kann vel ha  
vore ei fire fem hundrad  
aar fyre Kristus, eller i  
Noreg endaa noko seinare.

\*

Nokon sjølvstendig norsk  
kultur hadde det i alle desse  
tusundaari ikkje vore tanke  
paa. Folket i Noreg skilde  
seg ikkje stort ut fraa dei  
andre nordbuarne, korkje i maal eller tenkjemaate,



1. Kniv fraa bronsetidi.



i hug eller haatt, og paa jamnen fylgdest dei med dei andre germanske folki òg. Det vart ikkje noko brigde i dette i den eldste jarntidi heller. Det var berre den skilsmunen paa dei ymse folki, at nordmennerne, som budde lengst undan, kom sist med i dei nye framstegi, og den fyrste bolken av jarntidi finn ein mest ingi vister etter i Noreg.

Den germanske, serleg den norderlendske, jarntidi er kløyvd i desse fire hovudbolkarne, etter dei hovudmynstri som gjeld for prydkunsti:

Fyrr-romværsk tid — siste 400 aari f. Kr.


Romværsk tid — fyrste 500 aari e. Kr.

Folkeflutningstidi — 500—700 e. Kr.

Vikingtidi — 700—1000 e. Kr.

Desse aarstali maa ein sjølv sagt ikkje taka so paa prikken, og mange lærde vilde vel rekna deim noko annarleis. Men radfylgdi paa bolkarne er dei sams um alle ihop, og aarstali er berre til ei rettleiding um tidahøvi.

I den eldste jarntidi, fyre nokon romværsk paaverknad, er det merke etter tvo kulturstraumar.




2. Ring fraa Hallstatt-tidi.

Fyrst kjem den som er nemnd Halls<sup>t</sup>attkulturen, som helst tykkjést berre halda fram med same kunstformerne som bronsetidi; men den hev ikkje naatt fram so langt som til Noreg, er det likt



til, og ikkje er det mange visterne fraa den i Sverik og Danmark heller. So kjem La Tène-kulturen, som tydeleg fortel um keltisk paaverknad baade i




3. Sidestav paa vogn fraa La Tène-tidi.

religiøse skikkar og i formerne paa vaapen og bunad, og denne straumen hev i minsto naatt fram til Sør-Noreg, ja i Danmark og Sverik hadde han reint yvermagti i ei tvo tri hundrad aar. I Jylland hev dei for tjuge aar sidan funne tvo drustelege vogner fraa denne tidi, rikt prydde med bronsespenger og tre-skurd, so ein fær ei vitring um kor høgt handverkskunsti daa stod her nord-paa; for det er ingen tvil um at det er danske smedar som hev arbeidt vognerne, um dei so hev bruka framandt mynster til prydnaden (sjaa bilæti




nr. 3 og 4). Men elles er det mykje enno som er paa det uvisse med heile denne eldste jarntidi, og serskilt veit me lite um den her fraa Noreg,

so nokon heil traad hev me ikkje her i prydkunst-soga. Betre greie vert det, naar me kjem til den romværske tidi.



4. Bronsespenger paa vognkarm fraa La Tène-tidi.

Soga fortel, at Romaveldet sistpaa tøygde seg so langt nord, so det var berre nokre faae dagsleider att til Østersjøen, og romværske handelsfolk fór med varorne sine vidt inn gjennom dei germanske landi. Daa kunde det ikkje ganga annarleis enn at romværsk smak og handelag maatte setja stempelen sin paa alt germansk arbeid, og




5. Bøjelring fraa La Tène-tidi.

det voks fram ei prydkunst som vart grunnlaget for kunst-arbeidet i Nord-Europa gjennom lange tider.




I sørlandi hadde dei or gamle bladmyenster skapa seg prydfomer so rike og fine, so dei gjekk yver alt som fyrr hadde kome seg fram i den vegen. Men germanarne var ikkje karar til aa




6. Bøgelnaal fraa den romvørske tidi.

taka upp dette so mangfelt som det baud seg fram. Dei heldt seg mest til strek- og kantmynstri, og so freista dei — og her er det upptaket som fekk største verdet — herma etter dei romvørske dyrbilæti so godt dei kunde. Alt i bronsetidi, og ender og daa i den eldste jarntidi, hadde dei vore innpaa slik ein dyrprydnaad; men det hadde ikkje vorte stort med. No fekk dei hjaa sørrendingarne fullt upp med mynster for denne drifti si til aa setja dyrformerne inn i prydkunsti si, og fraa alle kantar og krokhar og oddar paa bruksstykki tok dei raraste




7. Spenne fraa den romvørske tidi.




8. Slirering fraa den romvørske tidi.



dyrhovud til aa stikka seg fram. Det var ikkje visse serskilde dyr dei vilde teikna av; men alle stader der det vart ein høveleg endetopp, vart den



9. Dyrhovud, skore i tre, fraa den romværske tidi.



10. Gyllt sylvspenne fraa den romværske tidi.



liksom reint av seg sjølv umgjord til eit hovud, anten av ein fugl eller av eit gangdyr, utan noko serlegt skilsmærke. Mang ein gong kann ein sjaa det romværske mynstret i teikningi; men endaa oftare ser ein tilsprang til sjølvstendig utforming, som vert mynster for seinare tider.

Reint sermerkt for dei germanske folki paa den tidi var ei tilpryding med uthamra sylvblekk, soleis paa sylgjor med mynster og skaplund som minner um gulltraad-arbeid (sjaa bilætet nr. 10). Her er pryddformer som sidan kjem fram att gong paa gong hjaa dei germanske folki, og som tykkjast vera heilt nasjonale.

\*

Daa Roma-riket var sprengt, og dei germanske folki styrmdde inn yver sørlandi med brot og brak, daa brast den romværske yvermagti i prydkunsti òg, og i minsto dei germanarne som vart sitjande paa dei gamle heimetufterne, laut freista arbeida seg fram paa eigi hand. Det er ikkje undrande, at folkeflutningstidi paa mange maatar vart ei nedgangstid for kunsti. Nye mynsterformer kom det ikkje upp, og dei gamle vart jamleg skjemde. Sjølve arbeidet vart ikkje no lenger so velvyrkt fraaseggjort som fyrr, og hugen for det mangslungne og bralsne vann paa den gamle einfelde smaken.<sup>1)</sup>


Men fanst det daa ikkje nokon nasjonal framvokster i denne tidi? Aa jau, — gamall kunst-drift og framande mynster hadde no tvinna seg fast fram til ein einaste traad, og hjaa alle dei germanske folki fraa England og Frankrike til Noreg og Sverik raadde det jamsterkt og heilt den same kunstmaken: det var same dyrprydna den

<sup>1)</sup> Sjaa stykket „Gamall prydkunst og kjempediktning“ i „Syn og segn“ 1902, s. 166—174, etter Karl Lamprecht.



paa alle kantar. Dei hadde ikkje meir enn ei tvo tri grunnformer dei treiv til; men desse faae formerne nøyttede dei paa so mangfelde maatar, so dei fekk rikdom og umskifte nok. Dei løyste upp dyri i smaabitlar, lema deim sund, og sette deim ihop att utan tanke paa naturlegt samanheng. For det var ikkje dyr dei vilde skildra; men dei

berre hævde dyrformerne fritt inn i bruksstykki sine, — det var prydnaden, ikkje dyret, som var i tanken deira.



11. Sylvspenne fraa folkeflutningstidi.

\*

Gong paa gong ser me korleis dyrprydnads-tanken bryt seg fram hjaa dei germanske folki. Gamle heimlege bandslængjer og nye framande bladmyenster, alt lagar dei um i dyrprydnad. Det er den friske kraftige folkeaandi som blæs livet sitt inn i alle daude former, og med sanning kann ein no tala um ei nasjonal germansk




kunst, som stod med full siger i slutten paa folkeflutningstidi.

Nordbuarne stod stødt i lag med dei andre germanarne i denne kunstvoksteren, og her nordpaa, der alt fekk gro friare fram, med ikkje altfor mange krossande paaverknader til aa skjepla groren, her naadde dyrprydningen rikaste og friskaste blømingi si.

Det var Gotland og Bornholm som var midstaden for den beste norderlandske prydskunsti so i dei fyrste hundradaari etter aar 500. Her gjekk største handelsvegarne yver Østersjøen millom nord- og sørlandi, og her vart heimlegt og framandt arbeidt saman til den høgste kulturen. Det gotlendske kunst-arbeidet er jamt yver-lag fint fraaseggjort, og laglegt i heile ihopsetjingi; her vert aldri prydformerne slengde i tull kringum kvarandre, eller lemerne hakka upp i ville meiningsløysa. Allstødt er


det fast samanheng i teikningi, og god jamvegt. Men det som er det mest sermerkte for denne kunst-heimen, det er at dyrformerne her ikkje vert lagde jamsides; men dei vert bøygde inn igjennom og imillom kvarandre; kroppar og lemer vert kløyvde, og gjennom lykkjorne tøygjer seg andre kroppar og lemer. Dette var noko nytt; dette var ein serskild



12. Bronsesmide paa reim-ende fraa folkeflutningstidi.



norderlendsk vinning for prydkunsti, og den kom ikkje burt under det nye formverket som i det 8de hundradaaret braut inn gjennom nyopna dører, — fraa Irland.



13. Spenne fraa Bornholm fraa folkeflutningstidi.

Det er tvo stader ein fyrst og sterkaste møter denne irske paaverknaden, — det er aust paa Gotland og vest i Noreg. Og viktigast vart han for Noreg, der han kom til aa vara lengst og vinna største magti. Det vart som ein ny dag for Noreg, dette samkvæmet med Irland i vikingtidi.

\*


Irarne høyrer til den store keltiske folkeætti.

Det er keltar som er grunntoet i fransmennerne òg, og fransmennerne er no eit med dei gaaverikaste kunstfolki i verdi. Men den reinaste keltiske kunsti er det no irarne som hev vore meistarar for.

Det var ein rik og merkeleg kultur som arbeidde seg fram paa Irland i dei fyrste hundradaari av mid-alderen. Landet hadde vorte kristna i det 5te hd.-aaret, og alle munkeklostri kringum paa øyi vart onnuge heimar for alt det høgste aandslivet samtidi kjende. Medan det var stans og nedgang elles rundt um i Europa, treivst skaldskap og vitskap framifraa paa Irland, og latinsk-kristeleg lærdom voks ihop med nasjonalt kjensle-



liv til ei aandsmagt, som snart dreiv irarne ut i missjonsarbeid for kristendom og kultur yver heile Vest-Europa. Dermed kom daa den irske pryd-kunsti ut paa alle kantar, den òg.



14. Tjeldskier fraa Gokstadskipet (8de hd.-aaret).

Det er ovfint arbeid, det me hev fraa irarne, baade i stein og i malm. Det dei kann ha skore i



tre, det finst ikkje lenger; men so i staden hev me i dei handskrivne bokverki deira fargelagde teikningar so fine so det mest er uraad aa gjera deim etter med handi. Beste blømingstidi si hadde



15. Irsk teikning (fraa 9de hd.-aaret).

denne irske prydkunsti til paa lag aar 900; sidan vart allting grøvre og ureinare. Men fraa det 6te til det 9de hd.-aaret skapa irarne ei kunst so rik og gild og sermerkt, so ho vel kunde vera mynster for andre folk.



Ho var dyrprydnað fyrst og fremst, den gamle irske prydkunsti, og dyrprydnað vart ho verande, endaa etter det hadde kome bladverk med i mynstri. Men jamsides med dyrbilæti hadde bandsløngen skote seg fram so rikt og livskraftigt, og desse tvo grunn-mynstri hadde vove seg so tett inn i kvarandre, so dermed hadde den irske kunsti fenge tilstemnet sitt fyresett for innpaa eit heilt tusundaar. Sjøelve dyrformerne var ikkje so mangfelde i denne prydkunsti, ikkje so mangfelde som i den germanske prydkunsti dessmeir; for irarne teikna aldri dyrhovudet slikt som det syntest ovanfraa, men alltid berre sét fraa sida, og so var det i grunnen berre tvo dyrslag dei teikna, — det eine var ein fugl med stor krokut nebb, med lang nakketopp, lang stert, lange føter og lange klør, — det andre var eit firføtt dyr med noko som eit hundehovud, med store klør paa tærne, med lang rumpe, og i-ser med eit nakkeband, som tvinna seg ihop med lemerne og den andre bandsløngen. Alt ihop var her langt og samanvove, so det tyktest mest vera heile levande bandkrullar, og slikt som det svingde og krøkte og kasta seg i kross og i krull, so var det slik ein vill og eggjande hugleik i det, so det kunde nok trylla auga og sinn hjaa dei glimkjære norrøne vikingarne. Dei faae grunnformerne var nytta ut med slik ein finleik og til slik ein rikdom, so det tykkjest umoglegt aa naa lenger med same emnet.

\*

Nordmennerne hev stødt vore eit ferdafolk, helst til'aa „rida havhesten“. Kva tid dei tok paa med dette, er det ingen som veit; for det ligg attanfor den eldste saga. Men naar dei naadde heilt vest yver Nordsjøen, det hev me daa nokolunde greie paa. Soga fortel um korleis nordbuarne gjennom heile




det 9de hundradaaret fór i vesterviking og herja paa England, Skotland, vesterhavsoyarne og Irland, ja sør til Flamlan og Frankrike, og den gong denne opprørde vikingtidi tok til, daa strauk nok vikingarne ikkje ut paa maafaa; vegen var visst longo kjend, um det so var nye magter og fyremaal som dreiv deim ut paa han. Me hev daa òg sannfrett um at norrøne vikingar rakk fram til Irland alt i fyrstningi paa det 7de hd.-aaret, og so varde det ikkje lenge fyrr nordmennerne tok til aa setja bu paa Hjaltslandsøyarne; her var daa rikt tilføre til fredlegt samkvæme lenge fyrr sjølvare vikingtidi sette inn.

Dét var ei underleg tid, med blenkjande flogvit, ustyrlegt mannsmod, og vill kraft. I denne samanstøyten med den nye rike vesterlendiske kulturen var det som han losna, den bundne aandelege givnaden hjaa vikingen. Han vart konge og skald; han bygde byar og la land under seg, han kvad æresongar for hærhovdingen og dikta underfulle kvæde um gudar og kjempor. Og paa Irland lærde han ei prydkunst, i visse maatar nærskyld med den han kjende heimanfraa, men sterkare, djervare, drustelegare, — nett ei kunst etter hjarta hans, og den gjorde han òg til si.

Den vesle øyi Man laag i lange tider under norskt velde, og her var kann-henda den staden der nordmennerne fekk best ro paa seg til aa taka upp det framande kulturtoet. Her sysla dei mykje med prydkunst òg, og her hev me enno mykje arbeid att etter deim, helst gravsteinar med innhogge pryddverk. Det er dei irske dyrmynstri me finn paa desse steinarne; men dei er sèdde med vikingaugo. Dei finare bandsløgjerne og svinglinorne hev ikkje kome med; men den norske steinhoggaren hev korso fenge tak i sjølv grunnemni, og so sèt han i veg med breidare bandsløg






16 og 17. Mynster fraa Man.

og greiare sving. Det irske bladverket tok han ikkje upp; men dei irske dyrformerne tok meir og meir magti fraa dei norrøne. Me hev namn



paa fleire norske kunstmenner paa Man, og Gaut Bjørnson er den hævaste av deim me veit um. Men det var ikkje berre paa Man den irske kunsti vart mynster for nordbuarne; fyrst og




18. Tre-skurd fraa vikingtidi.

fremst i Noreg og so paa Gotland vann ho seg fram, og her ser me ei merkeleg blanding av irskt og norrønt, — med ei oppkløyving og samantvining so uroleg og laussleppt, so auga snaultt kann fylgja med i dansen.



Og med kvart som den irske prydkunsti voks og laga seg um, laga nordbuarne seg etter. Bandsløngen vart levande, gjorde seg um til spralande



19. Irsk-norskt mynster med romanskt bladverk.

ormar; dyrhovudi vart villare, og kasta seg fram med gapande kjefstar; snutarne vart prydde med lykkjor og band, klørne krøkte seg i lange rund-



svingar. Eit nytt dyr som kom inn i kunsti, var løva, kongen millom villdyri og rett den høvelege prydnaden for slik ei tid som vikingtidi, og den kraftige løvekroppen med dei sterke labbarne og den digre manken dukka seg ned i prydkunsti og skapa seg til etter den, so han miste alle naturlege former. So kom det bladverk òg med, — det tri-kanta, noko bøygde og tøygde romanske bladet med ei halvrund utskjering og smaahakk paa sida, sett inn i bandsløngen eller i endarne paa dyrkropparne. Alt dette spann seg ihop til ei prydkunst so sermerkt, so ein maa segja, at um alle mynsteremni var laante fraa framand kunst, so var heile prydnadssmaken og tilskipnaden i sanning egte norderlendsk.

\*

Den gamle norske prydkunsti hadde brigte formerne sine nokre vendor. Men grunntoet sitt hadde ho ikkje skift; for det var jamt dyrprydnad det. Ein kann likna heile denne gamle kunsti med ein jonsokbrising, som logar upp med det skiftande ljósbragdet sitt i sumarsnatti, — sume tider minkar logen, men so vert det kasta nytt vedfang inn paa, og daa stig han upp att med spraking og fljugande gneistar, — same baalet er det heile tidi, men med skiftande léter. Til slutt kom det likevel slikt vedfang paa baalet, som snudde logen beint i ei onnor leid; den gamalnorske prydkunsti fekk nye emne aa arbeida med, og um so mykje av den gamle smaken og arbeidsmaaten vart hangande i, var det likevel ei ny kunst som no vann fram.

Det nye kom med kristendomen. Den kristne kyrkja var ei med dei største aandsmagterne i mid-alderen, og ho hadde si eigi gamle kunst som ho hegna og varna um paa alle leider; ho




hadde elska fram fraa gamle tider si eigi bygnings- og bilætkunst, og i det 11te hundradaaret naadde den fram til Noreg.

Dei fyrste steinkyrkjerne som vart bygde her i landet med den romanske rundbogen yver tak og dør og vindauga, var berre snarvende-arbeid; men sidan kom det støe, drustelege kyrkjer slike som domen i Stavanger og Gamle Akers-kyrkja. Og i alle dei stavkyrkjerne dei samstundes tok til aa byggja rundt um i bygderne, — desse smaa rare trehusi med svalgangar og gluggar, taarn og støplar, dør samdest den nye kyrkjestilen med den egte norske trebygnadskunsti paa so fullkomi vis, so det er snaudt me kann skilja millom heimlegt og framandt. Her i desse stavkyrkjerne, som er so egte norske i alt laget sitt, her hadde den gamle norske prydskunsti siste blømingi si, — i tre-skurden.

Dét er ei kunst med leik og med liv! Det er plent som um det heite vikingblodet jagar paa spreng gjenom all denne bandsløyngen med dyrformer og bladverk, og so den ville leiken hev braa-stana og stivna i tre. I stavkyrkjerne hev me prov for kor djupt den irske kunstsmaken hadde fest seg hjaa nordmennerne; i den eldste me veit um, Urnes-kyrkja i Sogn, hev me fullt ut den irsk-norske prydnaden. I dei yngre kyrkjerne kom det nye emne inn, fyrst og fremst nye dyr, aller helst den fljugande draken, og so meir og meir det romanske bladverket. Men enno lenge gjekk alt dette nye paa den gamle irske maaten; dyrkroppar og band slengde seg i ring kringum og i kvarandre so fritt og villt som fyrr, — ja paa ei vis endaa friare enn i sjølve det irske arbeidet; for nordmennerne stræva ikkje etter samsvar og likskap millom baae sidorne i mynstret, men berre hadde i tanken ei fri og ledug jamvegt, som gav kvild for auga, ikkje batt det. Smaatt





i senn grodde likevel det romanske lauvverket upp i tre-skurden, og dekte yver den gamle ville krafti. Den gamle norske dyrprydningen tyntest i denne nye bladprydningen, som no var den aalgjengde yver heile Europa, — arvtaken som han var med den kristne kyrkja fraa gamletidi i sørlandi. Men nordmennerne evla ikkje straks med same fylgja sjølvstendigt med i dette store emneskiftet, og fraa slutten paa det 14de hundradaaret bar det til nedfalls med den norske prydkunsti. Det kom nedgangstider for landet paa alle kantar, i næringsliv, i politikk, i diktning, og daa i kunsti òg.


\*

Det var ikkje reint audt og daudt i Noreg i dei hundradaari som no kom. Det arbeidde og sprengde stilt og djupt i folkehugen; det galdt um aa leggja nytt grunnlag, økonomisk og politisk, for




det nasjonale sjølvstendet, og eigna til seg nye kulturemne. Og i det 17de hundradaaret bar det paa oppveg att; det norske folket hadde vunne feste; og tok til aa kasta hamen. Det var ei nynorsk atterføding, ei ny sjølvstendetid for folket vaart, som no var i ovring.

I prydkunsti ser me kann-henda greiaste denne oppgangen. Den store europæiske atterfødingi, som gjekk ut fraa Italia i 15de hd-aaret, hadde ført inn att i kunsti det gamle hellenske akanthusbladet, — dette fine rundbøyde bladet med mjuke lepar ut paa sida. Og dette mynster-emnet naadde til Noreg òg. Fraa 1650 paa lag ser me korleis akanthusbladet grodde som ein heil villskog med blakrande fjørduskar og djerne svingar ut yver i alt norskt prydkunst, og det vart so heimlegt, so ekte norskt, som um det ikkje skulde



21. Fraa døri paa Aardalskyrkja i Sogn





22. Preikestol fraa Asker-kyrkja (ved aar 1700).

ha kome heilt burte fraa Hellas, men ha vakse uppaa heiarne vaare i hundradaar paa hundradaar. Akanthusbladet vart grunnlaget for prydkunsti vaar i alle smaksskifte som sidan kom. Det fylgde med fraa den høgtidelege „barokstilen“ til den kaate „rokokoen“, og ved inngangen til det 19de hd.-aaret hadde me paa dette grunnlaget bygt ei kunst so straalande frisk, so europæisk i emne og so heilnorsk i aand og tone, so me hadde ikkje havt gjævare folkekunst sidan vikingtidi.<sup>1)</sup>

Men det som var det sermerkte ved denne nynorske prydkunsti, det var den modige farge-gleda som bar ho fram.

<sup>1)</sup> Sjaa um denne framvoksteren: Andreas Aubert, Fra Numedal, studier i vor kunstneriske kulturhistorie (i Foreningen til norske fortidsmindesmærkers bevaring, aarsberetning for 1901, s. 264—329); Harry Fett, Bilthuggere i Kristiania omkring aar 1700 (Norge i gammel tid, I, 1903).



Nordmennerne hadde elska fargen fyrr òg. Me finn merke etter fargar baade paa tjeldskierne fraa Gokstadskipet og paa dørstolparne i dei gamle stavkyrkjorne, og me kann sjaa prøvor paa norsk fargesmak i gamall tjeld- og aaklædvævnad, mynstersaum og slikt. Men i dei gamle halvmyrke ljorestovorne og gluggekyrkjorne hadde endaa ikkje fargen rett kunna trivast og verta til ein livstrong for heimarne. No vart det annan skikk, etter all bygnad tok til aa verta opnare og ljosare: no vakna fargegleda til ei livsmagt, og sterke, reine fargar tok til aa leggja seg ut yver hus og tølor. Me kann no snaudt gjera oss nokon tanke um kor truverdigt og sjølvtrygt dei for hundrad eller berre femti aar sidan la i veg med heile fargerikdomen kringum i bondeheimarne, og for ei lyst og glede det var for deim aa pryda veggjer og tak, kistor og skaap, sledar og selegreior, skaaler og fat og alt som til var, med dei friskaste, kraftigaste fargarne, som dei høvde ihop med so stød ein smak. Det kom ei tid uti det 19de hundradaaret, daa dei lærde kalla denne bondemaalingi for „forfall“ og forvilling, og den „fine“ smaken tok til aa tyna dei djerve fargarne, so alt skulde vera spakt og stilslegt og bljagt. Men no paa det siste hev fargegleda vakna paa nytt lag, og daa høver ho nett inn i tidi vaar, den bondske „rosemaalingi“, det kringe, leduge akanthusmynstret med dei kaate svingarne og den friske fargedaaamen sin. Her er eit serskilt smaks-val i denne kunsti, so me hev full rett till aa tala um „norsk farge“, og ein er nøydd til aa ganga ved, at hev me havt ei gamall norsk prydkunst, so hev me havt ei norsk fargekunst òg, — ja fargen høyrer beint fram med, skal det vera rett norsk prydkunst.

Det er elles ikkje tanken her aa greia meir



ut um fargekunsti<sup>1)</sup>); den kann trenga ei heil skrift for seg.

¶ Her skal me enno berre leggja noko til um den gamle norske prydkunsti, serskilt daa dyrprydningen, og korleis det stend med den i vaare dagar.

\*

Dyrprydningen kom aldri heilt burt, for di um bladmynstri tok magti i tre-skurden vaar. Rett som det er stikk baade sveigde dyrkroppar og egte gamall bandslæng fram midt i alt lauvverket baade i 17de og 18de hd.-aaret. Og so i nyare tider, daa folk tok til aa leita etter gamle mynster til studnad uppi all stil-løysa, daa fekk dei hug for den gamalnorske dyrprydningen òg.

Fyrstundes kalla dei han for „drakestil“, kvar han so synte seg, heilt fraa den gamle jarn-tidi. Men snart kom dei etter, at dei slett ikkje hadde drakar, alle desse gamle prydkunst-bolkarne. Dei kunde snautt nok svara for aa tala um ormar dessmeir; for det dei fyrst trudde var ormar, det var i grunnen ikkje anna enn bandslæng med dyrhovud i eine enden. Dyr og dyrkroppar var der, — firføtte vengjelause dyr som drog seg ut og inn og kringla seg um andre dyr; men noko visst dyrslag kunde dei ikkje skilja, allvisst ikkje i dei eldste mynstri. Dei lærde samdest daa um aa kalla det heile berre for „dyrprydning“.

Men draken daa? Ja, han hev kome med i stavkyrkje-skurden; men han var likevel ikkje med paa dei eldste kyrkjedørerne. Draken hadde ikkje rot i egte norsk hugleik, han hørde heime

<sup>1)</sup> Sjaa um den: Andreas Aubert, Den dekorative farve, et norsk farve-instinkt (1896).



i sørlendisk eventyrdikting, og hadde so-paa ei vis vorte eit kristelegt dyr. Han kom hit til Noreg yver England i lag med kristendomen, og snikte seg heilt inn i prydkunsti vaar. Her vart han fagna paa det gildaste, med di han liksom gav form for ufred og strid med all annan villskap, og til dette vart han bruka her, — han bit og slit, og vert biten sjølv av felagarne sine, flagsar med vengjer og riv med klør, velter seg millom anna kryp som kval i sildestimen.

Endaa soleis draken ikkje hadde vakse fritt upp or den heimlege prydkunsti, var det likevel den som fyrst og fremst vart fagna, daa gamall prydkunst kom til æra att, og folk hev fenge den trui i seg, at „drakestilen“ er det norskaste av alt norskt. Men rett er det sagt av ein kunnig mann, at norsk tre-skurd er stengd i voksteren so lenge draken ligg og vaktar alle utgangar.

Sjølvsagt vil ingen leggja forbod mot aa bruka draken med i prydverket; me hev lov til aa nøyta alle emne som me berre kann høva inn paa naturleg vis. Og slett ikkje skal me hiva draken ut, berre so det skal koma framandt jugl i staden. Men det me vil, det er at sann norsk stil skal fylla romet, so det vert bygt vidare fram i inderlegt samanheng med god gamall norsk prydkunst.

\*

Naar me ser tilbake paa heile den lange norske kunstvoksteren, daa gaar me greitt, korleis det norske folket stødt hev fylgt med i den aal-europæiske framgangen. Det var eit par hundrad aar daa me stod utanfor, og daa laag den norske kunsti stygt nede. Men elles er det jamt dei store europæiske straumarne som hev bore emne til kunsti vaar heilt upp i dei inste avdalarne. Ho hev fenge emne fraa Rom og fraa Irland, fraa



renæssanse og rokoko, og um emni tidt hev naatt hit yver byarne, so er det hjaa bønderne dei hev trivest best og vakse jamnast. Naar me no snur oss heimatt til bondekunsti, so er me i dette òg i samband med den europæiske rørsla, som stemner mot frisk og naturleg prydkunsti i pakt med den sanne reine folkeaandi.

Og denne folkeaandi kjenner me att gjennom alle emneskifti. Ho hev sett sin eigen sterke norske stempel paa alle framande emne, og gjeve sin lét og sitt lynde til heile den norske prydkunsti. Mest aldri hev folket vaart teke upp det framande raatt og umelta, men hadde støtt kraft til aa eigna det til seg og skapa det um til egte norsk stil paa europæisk grunnlag. Denne nasjonale umlagingsi er det som gjev verde til norsk kunst, so me kann taka næringsemne der til ny vokster, og i den er det me finn den sambindande livsens traad, som fører oss fram heilt fraa bronsetidi til stavkyrkjorne og rosemaalingi.

Kunsti vaar var fraa fyrsten berre ein liten fatig renning, som brydde varleg fram og leita etter form for uklaare kjenslor. Men den vesle renningen voks daa upp trass i harde kaar, og formi vart smaatt i senn sterkare og rikare, med kvart som heile manneætti steig i aandeleg kraft. So kom det ei tid daa vokstren tyktest stengd, og nye renningar laut spretta fraa roti.

For oss som lever no, kjem daa spursmaalet sigande, um det enno er livskraft i denne vokstren, — um me kann taka den gamle norske traaden upp og spinna han vidare ut.

Grunnspursmaalet her er dette, um me enno kjenner oss paa nokor vis i inderlegt samanheng med dei gamle tiderne, so me kannast ved den gamle norske prydkunsti som ein taatt av vaart eige liv. Gjer me det, daa kann ho faa nytt liv



og verta som eit levande band millom oss og dei gamle; men elles lyt tidi vaar ut paa leiting etter reint nye kunstformer.

Det tykkjest so, at samkjensla med gamletidi heller er i vakning enn i dovning. Her er longo gjort fullt upp med tiltak til aa føra dei gamle mynstri inn att, — i tjeldvevnaad, i tre-skurd, i gullsmedkunst; og norsk farge smetter seg inn i hus og heim.

Det hev vore tider i Noreg, daa alle desse gamle prydkunstformerne hadde vakse seg ihop med sjølve livet til folket. Det var sjølve folkehugen, det finaste livstoet i oss, som gav seg form i kunsti. Og prydverket vart ikkje gøymt paa kistebotnen. Det hørde heller med til det daglege livet; det lyste imot ein fraa hus og fraa tølor, fraa kvart einaste bruksstykke ein tok millom henderne.

Slike tider maa koma paa nytt; det er eit livskrav, eit kulturkrav, som aldri døyr. Men daa lyt me ganga i lære hjaa dei gamle. Me lyt byggja paa det grunnlaget dei hev lagt, skal huset vaart staa trygt og fast. Me skal slett ikkje vera rædde for det nye — det var ikkje dei gamle heller —; men me maa, liksom dei, høva det inn i norsk smak og norsk stil, so det i sanning vert vaart eige. Me misser ein gjæv rikdom, um me slepper fraa oss alle dei gamle prydkunstformerne som ein gong raadde i norskt folkeliv, og me lyt freista laga deim til etter nytid-livet. Naar alt skal røy-nast, heng den gamle og den nye tidi meir ihop enn ein lett vil tru, og som no det stend, er det ung og frisk kraft for oss aa henta fraa den gamle norske kunsti.



